

Føresegner til reguleringsplan for Haukeli Næringsområde,
Vinje kommune. 19.05.03

Planen er arbeidd ut i medhald av plan- og bygningslova (PBL) av 14. Juni 1985, med revisjonar. Det regulerare arealet er avgrensa som synt i plankart 'Reguleringsplan for Haukeli Næringsområde', målestokk 1:1000. Innanfor reguleringsgrensa skal arealet nyttast som vist. Vedteke reguleringskart med tilhøyrande føresegner er bindande for bruken.

1. Innhald

Innafor avgrensinga er arealet regulerare til:

Byggeområde § 25, nr. 1

Blanda føremål

Industri / lager,

Kontor og forretning

Særskilt angjeve allmennyttigføremål, Forsamlingslokale

Offentlege trafikkområde § 25, nr. 3

Køyreveg

Køyreveg med fortau

Kollektivanlegg, Busshaldeplass

Offentlege friområde § 25, nr. 4

Park

Fareområde § 25, nr. 5

Høgspenningsanlegg - trafo og kraftline

Spesialområde § 25, nr. 6

Privat parkering

Parkbelte i industriområde

Område for anlegg og drift av kommunaltekniske anlegg

Frisktsone ved veg

Klimavernsone

2. Felles føresegner

a) Kommunen kan krevje at bygge- og anleggstiltak ikkje vert sett i gang for den einkilde tomte før det er utarbeidd detaljere planar og skisser, slik som utomhusplan, illustrasjonsplan og/ eller teknisk plan. Planane skal leggast fram saman med melding om tiltak/søknad om tiltak.

b) Ved byggemelding skal det gjerast greie for tilkopling av vatn-, straum og avløp. Slike kommunaltekniske anlegg skal om mogleg leggast til tilkomstveggar, og dimensjonørast etter bruken.

c) All gravning og sprenging skal gjerast skånsamt. Ved køyring og anna arbeid i samband med anleggsverksemd, skal ikkje vegetasjonen utanfor tildela tomtegrense påførast skade. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt råd er, og ein skal ikkje påføre terrenget større inngrep enn naudsynt. I område som ikkje skal nyttast til veg, parkering, byggegrunn eller anna form for utbygging, skal terreng og vegetasjon førast attende til naturlike område.

d) Bygningar og anlegg skal så langt råd er gjevast ei utforming (form, storleik, fasade, vindauge, materialbruk, farge) slik at dei fell naturleg inn i landskapet og bygningsmiljøet.

e) Skilt og reklame på bygningar og elles rundt i reguleringsområdet skal godkjennast av kommunen. Ved godkjenning skal det leggast vekt på tilpassing til staden.

f) Inngjerding av tomte skal ha byggemelding. Meldinga skal gjera greie for type, høgde, materialbruk, plassering m.m. Ved godkjenning skal det leggast vekt på tilpassing til staden.

3. Byggeområde

3.1 Felles føresegner

a) Bygningar skal så langt råd er plasserast på avmerkt stad på tomte. Plasseringa skal godkjennast av kommunen.

Andre konstruksjonar og anlegg skal gjerast greie for i byggemelding og godkjennast av kommunen. Taktekkinga skal ha ein matt farge.

b) Ein skal legg til rette interne veggar, parkeringsplassar og konstruksjonar for avfall, og desse skal ferdigstillast samstundes med bygningar. Terengninggrep skal gjerast greie for i plan (detaljere koterings), skisser eller liknande, og godkjennast av kommunen. Større inngrep skal ha byggemelding.

3.2 Område F1

Innafor området som er regulerare til forretning og kontor kan det tillatast å leggast til rette for husvære.

4. Offentlege trafikkområde

4.1 Køyreveg

Ny offentlig køyreveg, V1, skal opparbeidast i område med breidder som synt på kartet. Eksisterande veggar skal utbetrast i den grad det er naudsynt for oversiklege kryssløysingar og handtering av overflatevatn.

4.2 Køyreveg med fortau Fortau, V2, skal opparbeidast og asfalterast i kanten av eksisterande veg med breidder som synt på kartet. Høgdeprofilen skal vera lik med tilstøytande veg ved Haukeli Hytter og Bur as.

4.3 Kollektivanlegg, Busshaldeplass

Det skal opparbeidast busshaldeplass med leskur som synt på kartet.

5. Offentleg friområde

Friområdet skal nyttast til rekreasjon, leik og sport. Byggverk og anlegg som aukar bruken av området kan oppførast etter godkjenning frå kommunen. Området skal tilretteleggast med gangveg og plantast til. Prinsipp er synt i illustrasjonsplan.

6. Fareområde, Høgspenningsanlegg

Høgspenningskraftline i luftstrekk skal ha ei byggegrense på 8,5m frå midten av lina. Trafokiosken skal vera fri til naudsynt ettersyn og vedlikehald i eit område på 5m til alle kantar. Avgrensingar knytt til fareområde går fram av elektrisitetlova.

7. Spesialområde

7.1 Privat parkering

a) Området P1 skal nyttast til felles privat parkering knytt til forretningsverksemd for

gnr. 92, bnr. 11/3/0, 1/0/0 og 12/0/0.

b) Området P2 skal nyttast til privat parkering for verksemda Telemark Bilruter,

gnr. 92 b.nr. 16/0/0.

7.2 Parkbelte i industriområde

I planen er det synt parkbelte, G1, G2, G3 og G4. Anleggsarbeid, lagring og uttak av tømmer er ikkje tillete i parkbelte. Områda skal plantast til med tre, gras og urter, og lett skjøttast i eit samarbeid mellom kommunen og eigarar av tomtene. Det kan vera naudsynt med ein skjøtselsplan for områda.

7.3 Område for anlegg og drift av kommunaltekniske anlegg

Området A1 skal nyttast til kommunalt reinseanlegg. Området A2 skal nyttast til returpunkt.

7.4 Frisktsone ved veg

I sonene er det ikkje tillete med objekt høgare enn 0,5m over nivå på tilstøytande veggar. Tre, stolpar og liknande med ein diameter mindre enn 30 cm kan godtakast etter godkjenning frå kommunen.

7.5 Klimavernsone

I planen er det synt klimavernsonene K1 og K2. Anleggsarbeid, lagring og uttak av tømmer er ikkje tillete i klimavernsonene. Det skal plantast til med skog der dette er naudsynt. Eksisterande skog skal skjøttast på ein enkel måte, og slik at områda får ein mest mogleg skjermende effekt.